

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2017

Krigsvinter i Villaen

Side 2-3

Elevar til Finland

Side 6

Thaimat på Varhaug

Side 18

Gunnar G. Skretting i Rbu fylkesstyre

Side 36



Hyttebygging i Leksaren

Side 7





Familien: Rakel Maria og Sven Håland bureiste og bygde gard og familie frå 1920-åra og framover. Heimen var prega av sterkt sambald, humor og varme. Ståande bak: Karl, Svend, Liv, Kristian, Toralf og Magne. Sitjande framme: Rakel Maria, Gerd, Mari, Ingebjørg, Ranveig og Sven. Fotografiet er frå 1946.

Krigsvinter i Villaen

Kven trur du at du er? Eg er ikkje ein gong i nærleiken av å finna svara for min eigen del, men inspirert av NRK-fjernsynsserien vil eg servera ein liten flik av familiehistoria.

Tekst: Sjur Håland

Med hjelp av onkel (farbror) Magne Håland, skal eg ta deg med tilbake 75 år. Til den iskalde vinteren på Varhaug i 1941/1942. Men før polar frost og klake kan det passa med litt grunnleggjande bakgrunnshistorie:

Garden vår på Tjemsland var ei øydemark, knapt nytta av grunneigarane Lette og Kristian Skrettingland til utmarksbeite og litt torvskurd fram til farfar Sven Mikal Tobiassen Håland frå Håland vart gift med eldste dotter til Lette og Kristian, Rakel Maria, som vart mi farmor. 1894-modellen Sven var odelsgut på Håland, men med kjærasten Rakel

Maria (fødd i 1896), følgde det også med eit tilbod om å bureisa i denne marka.

Far fekk marka med mor, seier Magne.

Spadde veiter

Kanskje var det nærleiken til stasjonsbygda saman med at jorda her var mindre steinrik og lettare å grøfta og dyrka enn den heftige steinura på Håland, som gjorde at dei to nygifte valde bureisingsalternativet. Modige har dei uansett vore. Det er lite som tyder på at dei to hadde stort meir kapital enn litt medgift og mykje kjærleik til livet og kvarandre. I tillegg

var dei unge, hadde tjora mot, sterk framtidstru, ein hest og nokre enkle arbeidsreiskap. Dei første spadetak på den vestre enga, som var tung jord, eigna for kveitedyrking, vart tekne i 1919, året etter at krutrøyken hadde lagt seg på slagmarkene på Vestfronten. Steinveitene, som vart sette dei følgjande åra, drenerer jorda like godt i dag som for mest 100 år sidan. Det står det respekt av.

Kortversjonen dei følgjande åra er, som hjå svært mange andre familiar på Varhaug, beinhardt arbeid og elendig økonomi. Heilt i starten budde dei nygifte på Håland. Sven

pendla mellom bruka, spadde veiter, lødde stein og bygde fjøs. Korleis han har greidd å spa og hakka seg ned i leiren og bygga ein ni meter djup brønn for å sikra vassforsyninga til folk og dyr er eit mysterium like stort som pyramidane i Egypt.

Nok med ti

Rett før våronna, fjerde april 1920, fekk Rakel Maria og Sven første barnet, Toralf. Året etter pakka den vesle familien på Håland eigedelane på kjerra og flytte ned til Tjemsland. I løpet av dei neste 21 åra auka barnefamilien, slik at då Gerd (gift Ånestad) vart fødd midt i våronna i 1941, hadde ho ni eldre søsken som gav unison beskjed til foreldra at no var dei mange nok!

Våningshuset var meint å verta hønehuset på garden. Familien skulle berre bu i huset ein kort periode medan hovudhuset vart bygt. Men tidene ville det annleis. Dei elendige åra etter første verdskrigen, vart avløyste av enda dårlegare tider i kjølvatnet av det internasjonale børskrakket i 1929. Tvangsauksjonar vart vanleg også på Jæren. Familiane på gardsbruka på Varhaug sleit tungt for å greia seg gjennom kriseåra. I enkelte høve vart det samla inn pengar blant dei som hadde litt å avsjå til dei som stod i akutt fare for å mista heim og jord. Å kausjonera for lån var vanleg, noko fleire kom til å angra bittert på i åra fram mot andre verdskrigen. Besteforeldra mine greidde seg gjennom kriseåra med god hjelp frå slekta og eit kriselån frå staten. Men planane om å bygga eit skikkeleg våningshus kunne dei berre gløyma. Det byggeprosjektet vart ikkje ferdigstilt før i 1948.

Den gamle villaen

Familien kalla i ettertid det vesle huset, med ein tydeleg undertone av sarkasme, for Villaen. Nokon villa var huset på åtte gonger fire meter definitivt ikkje. Men på det meste budde det 13 personar i huset på Tjemsland, mor, far, ti born og ein slektning av familien som alle kalla

Faster.

Grunnmuren var steinlodd. Huset hadde ikkje kjellar. Oppå muren låg ei sems av skipsplank. Veggene bestod av bindingsverk med papp under ytterkleddninga og faspanel på innsida. Langsida på aust, saman med halve sørsida, var skutar.

Her lagra me vinterbrenne, skore ut or ei kald torvmyr ved Vandavatnet, fortel Magne.

Fulle lager med torv i skutane bidrog til å isolera slik at det i det heile var råd å få varme i huset når sørausten herja dei kalde krigsvintrane. I tillegg var familien rikt rusta mot kulde gjennom sterkt sambald og varm humor.

Senger i stova

Huset hadde inngang frå vest. I gangen stod ei kledekiste som i tillegg til knaggjar på veggen utgjorde garderoben. I stova stod fire senger, inkludert vogga. I eine senga låg Svend (min far), saman med sin far Sven. I rughalmmadrassen i den andre senga sov mor, Rakel Maria. Ho hadde vogga med den minste rett attmed. Her, mellom sengene, stod også ein gammal gyngestol. Etasjeomnen og ein kommode utgjorde også ein del av stoveinventaret i tillegg til eit stovebord med klaffar, og ein slagbenk som med enkle grep kvar kveld vart gjort om til seng for søstrene Ranveig og Mari.

På kjøkkenet stod eit klaffebord der maten, kokt på torvkomfyren, vart servert. Komfyren hadde ei fin, gul messingtang framme, og var konstruert med eit kammer rundt bakeomnen for oppvarming av vatn, men denne funksjonen vart ikkje nytta på grunn av faren for at me ungane kunne opna kranen og få kokande vatn over oss, forklarar Magne, som er fødd i 1933.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Aud Bratland Bø
bygdekvinnelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Terje Lerbrekk, 4H

Varmedlem

Kjartan Aanestad, skulekorps

Varmedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennermerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymselekednad god.

Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "





Villaen på Tjemsland: Huset til høgre på fotografiet vart bygd i 1920. Her, i det som var planlagt å vera hønehus, skulle familien bu ein kort periode medan våningshuset blei bygd. Nedgangstider og krigsår gjorde at det tok 28 år før planane kunne realiserast. På det meste budde 13 personar i Villaen. Huset gjorde seinare teneste som grisehus før det vart rive midt på 1960-talet. Fotografiet er frå 1950.

Senger på loftet

Her på kjøkkenet stod også den viktige, mobile trappa opp til loftet. Når trappa var i bruk, måtte kjøkkenbordet flyttast. Trappa var ofte i bruk. På loftet stod det tre senger under det låge taket, kor det mellom sperr og takåsar hang ei enkel lyspære. Rekkverk fanst ikkje, og det kunne vera farleg å gå i søvne, noko Magne smerteleg fekk erfare ei natt.

Vinteren 1941/1942 var den andre krigsvinteren. Han skulle også bli den kaldaste. Europa vart dekkja av eit kvitt snøteppe. Hamnar og vassvegar fraus til. I Skandinavia vart det registrert kuldererekordar. Soldatar og krigsfangar fraus i hel på Austfronten. Tragediane som utspant seg i den beleira byen Leningrad (Sankt Petersburg) og i til dømes den jødiske gettoen i Warszawa kan knapt beskrivast.

Også på Varhaug beit den isande kulden seg fast. Den eine veka avløyste den andre med snø og sterk vind frå søraust. Bøndene tetta gliper og opningar i fjøs og sauehus med striesekker og det dei kunne finna. I det vesle huset på Tjemsland kledde dei på seg tjukke lag med ullklede og bål fyrte med torv.

Omnen vart raudglødande. Me sat så nære me kunne, og det hendte at me fraus på den sida av kroppen som ikkje var vendt mot omnen.

Sledeskyss til skulen

Å gå på skulen kunne vera risikabelt.

Far sela på hesten, beitte føre sleden og køyrde oss til skulen på Auestad. Med sterk vind og meir enn tjue minusgrader kom det ikkje på tale å gå. Det hadde vore livsfarleg, seier Magne.

Jæren var trelaust. Det var lite som livde når polarvinden trefte den tynne bordkledinga på huset. Den gamle villaen var langt frå tett, noko som ungane, som sov på loftet, fekk god føling med. Ein morgon, etter ei natt med ekstremt rennedrev, var ein av dei eldre brørne til Magne, Karl, ikkje å finna. Heile senga var gøymd under ei diger snøfonn. Episoden har vore ein snakkis i familien i alle år etter. Magne ler framleis godt når han fortel historia.

Karl låg og sov på rughalmen, fullstendig nedsnødd og leid inga naud. Men me måtte grava han fram den morgonen.

Var trygge i fare

Var de ikkje redde. Med tyske soldatar, krig og ekstremvær? Var ikkje foreldra dine urolege?

Nei, me var aldri redde. Mor og far var trygge og rolege, det smitta over på oss. Tonen i heimen var alltid god. Me var omgitt av varme, sjølv om frosten beit så hardt.

Magne gløymer ikkje dei kalde krigsvintrane.

Me hadde ei stor jarn gryte fylt med vatn på omnen i stova. Då me kraup til senga om kveldane, småkokte gjerne vatnet i gryta. Om morgonen var vatnet botnfrose. Så kaldt var det.

Utdoen fekk fred nattetid. Potter var standardutstyr i alle heimane på den tida. Og, å gå på utdoen, som hadde inngang frå nord, over gjødselmittingen i fjøset, var ikkje så aller verst når det bles frå søraust.

Det var verre når vinden kom kylande frå nord. Når du hadde gjort ditt og skulle sleppa frå deg tørkepapiret, kom det fykande tilbake som ein rekyl og trefte deg midt i rauå!

BIBLIOTEKET I HÅ

Bokkafé for barn

i biblioteket på Varhaug



Torsdag 9. mars kl. 17.30

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker

Frå ca. 4 år til 2. klasse. Gratis!

Enkel servering



OBS! OBS! OBS!

Nå har trimmen til Bygdekvinnelaget med Sissel på tysdagen flytta over i Hallen.

Me er så mange at Salen vart for liten. Nå er det plass til fleire nye.



R.SKRETTING A.S



Sammen får vi ting til å skje.



FRÅ
REDAKSJONEN

Eg måtte faktisk til Danmark for å få oppleve litt vinter. Det var nå nett ikkje så veldig mykje, men me måtte skrapa bilen før me tok på heimtur fredag morgon. Men me køyrde ikkje lenge før markene var like bare så her heima.

Eg var i Danmark då kongen vår vart 80 år, og me feira det med norsk flag både på terrassen og bordet. Me måtte jo markera det!

Då eg heldt på med første nummeret av bladet i 2016, hadde me heller ikkje snø, men fint vinterver. Nå er det litt «ommanidom». I går var det skikkeleg grapse, men i dag er det kjempesne. Eg trudde me skulle ha «innever» i dag og, men slik vart det ikkje. Så nå må eg nok leggja vekk bladet ei stund for å ta ein luftetur. Skal levera kladden til trykkeriet i morgon, så nå held eg på og sjekkar at alt er kome med. Som de ser av innhaldet i bladet, så er det utruleg mykje gildt som skjer i bygda vår, og eg føle meg reint privilegert som får lov til å skriva om dette.

I dag er det fastelaven sundag, og eg hadde gløymt bollane, Men pytt, pytt, eg kan kosa meg med noko anna og sjå på alle dei flotte snøkløkene utanfor huset. Ynskjer alle ein fin vår, og ikkje snø så seint på året. Nei, snøen den kan halda seg i litt høgare stork.





Besøk til Finland:

Norske elevar i Helsingfors

I veka mellom kalde november og forfrosne desember 2016 var 4 elevar frå Varhaug ungdomsskule på besøk til Helsingin yhteislyseo, ein kombinert ungdom - og vidaregåande skule i Helsingfors. Temaet for turen var moglegheiter og utfordringar med smarttelefoner. Her har elevane skrive om sine erfaringar.

Å bu i vertsfamilie

Det meste av veka i Finland var me med vertsfamilien. Eg snakket litt med vertsfamilien før eg reiste, men eg hadde ikkje nokon forventningar til korleis det ville være å bu med ein annen familie som eg aldri hadde møtt før. Eg vart litt irriterte på mor mi som sa eg ikkje fekk lov å ta med kjeledressen til Finland, for den var liksom for stygg til å gå med i ein storby.

Dei to fyrste dagane va det nokså klein stemning, men familien var grei. Maten var ikkje den beste eg har prøvt, men grei nok. Det var mykje den same maten som me har her i Norge, men eg føretrækker fortsatt maten til mor. Det føltes som om vertsfamilien prøvde å ta godt vare på meg, dei spurte ofte om eg var svolten og om eg ville ha noko mat. Og dei sa eg bare måtte gå å ta kva eg ville på kjøkenet kva tid eg ville .

Fritid i Finland

Når me hadde fritid i Finland gikk me for å shoppe, nokon gjekk på hockey kamp, isbada og spelte dataspel. Me gjekk på shopping i Helsingfors på eit veldig stort kjøpesenter. Me var eigentleg på mange kjøpesenter, men spesielt på eit stort et. Forskjellen på shopping på Jæren og i Helsingfors er at i Finland har dei fleire butikkar og fleire kjøpesenter. Dei hadde også mange McDonalds i en bygning, det er mykje meir folk enn heime, og du ta en buss i 5-10 minuttar til et anna kjøpesenter.



Departure: Elever: Sindre Hobberstad, Torleif Byberg, Annika Dubland Malmin, Vibeke Njarheim. Lærere: Geir Erås, Bjørn André Haugland.

Nokre av oss var også på to hockeykamper. Den første spilte nokon profesjonelle og den andre gongen spelte guten som var vertsfamilie. Begge kampane var inne, men det var fortsatt kaldt. Han var litt skuffa over at det ikkje var så mykje slåssing, hadde trudd det skulle være litt meir action.

Ein anna isbada med vertsfamilien sin. Han syntes det var veldig kaldt, men kjekt. Speling var det mykje av, dei spelte mot kvarandre. Mykje latter og smil.

Den siste kvelden var me mange jenter, me lærte dei avisleken og dei lærte oss nokre leker. Dei finske kunne ikkje slutte å le når me slo dei med avisa. Det var kunn finske og me to jentene som var frå Norge.

Kva dei lærte om smarttelefoner

Før vi reiste til Finland arbeidde vi med ein presentasjon om vår draumemobil. Vi planla det vi ville presenter til dei andre landa, og tenkte på ein framtid med gratis Wi-Fi overalt, ein usynleg mobil og ein trådlause ladar. Alle vi fire som reiste til Finland arbeidde med dette i lag, og me fekk mange idear i frå dei andre i klassen.

På tysdagen i Finland fekk vi besøk av Erkki Izarra som er ein tidlegare arbeidar i Nokia. Han snakka om korleis du kan laga eit bra produkt. Det var veldig interessant å høyre på kva han fortalte, men det kunne vera litt vanskeleg å forstå alt fordi han brukte ein del vanskelege ord.

Seinare denne veka på torsdagen

hadde vi presentasjonen om vår draumemobil. Etter vi hadde spist i skulekantina laga vi ein PowerPoint med nokre bildar saman med alt informasjon vi hadde. Deretter var det tid for alle dei presentasjonane frå dei forskjellige landa.

Dei andre presenterte mange kule idear, for eksempel: ein økonomi-app, ein lekse-app, ein trådlause ladar og ein gjennomskiktig mobil. Det var faktisk

mange som hadde dei same ideane. Så det ser ut som at ungdommar i frå forskjellige land faktisk er ganske like. Eg syntes det var litt skummelt å snakke på engelsk framfor så mange menneske og eg trur heller ikkje eg var aleine om det. Men alt gjekk heilt greitt til slutt, og eg syns det var veldig gildt og interessant.

Unge folk brukar mykje tid på mobiltelefonar, noko som gjorde

opplevinga veldig spanande. Heile veka var lærerik og full av erfaringar.

Neste tur

Fire andre elevar på Varhaug ungdomsskule held i desse dagar på å gjera seg klare til ei veke i Toledo, Spania. Då blir fokuset nettvett, og prosjektet skal lage ein utstilling om trygghet på internett som skal brukas på alle skulane i ettertid. Vi gler oss!

Hyttebygging på Leksaren

I november kom det opp ein plakat på skulen der me kunne få søkja om å bygga hytta på Leksaren. Elevane og lærarane på 2. trinn syns dette ville vore veldig spennande. I norsktimen fekk elevane skriva sine eigne søknadar og dei laga teikningar av korleis hytta kunne sjå ut. Me hadde mange gode søknadar og fekk sendt inn ein av dei til Arnstein Skretting, som etter kort tid kunne gje oss svar at 2. trinn hadde fått tildelt ei tomt. Som ein del av faget, leik og spel, har ei gruppe elevar fått vera med å bygga hytta. Elevane må sjølv melda seg på ei liste i forkant av timen og her



er det alltid mange påmeldte. Kvar veke får omlag 10 elevar vera med på hyttebygginga.

Den fyrste økta gjekk med på å finna tomta vår, nummer 3, og rydda tomta for små tre og greiner. Me måtte også ta ein titt rundt for å sjå på dei andre hyttetomtene. Der har mellom anna nokre elevar frå 5. til 7 trinn byrja eit eige prosjekt. Hytta deira er til stor inspirasjon for 2. trinn. For kvar gong me er nede, har dei fått gjort mykje på hytta si.

Dei neste øktene har gått med på å saga, hamra, måla og laga ein levegg av greiner. Elevane har vist ein veldig god arbeidsinnsats. Dei har vist at med litt øving og tolmod, kan ein få til ting som ein i utgangspunktet ikkje trudde ein skulle få til. Timane som me har hatt på Leksaren har vore

så gilde, at me joggar ned Leksaren for å få mest mogleg tid til bygging. Dette prosjektet er prega av lærings- og meistringsglede og me gler oss til å fortsetja bygginga ut over våren.

Litt om Leksaren

Tenkte det ikkje var alle som visste kva Leksaren er. For å få det heilt rett det eg skulle skriva, så var eg på nettet og fann dette:

«Leksaren er et ringformet tunanlegg fra jernalderen. Tunanlegget ligger på vestsiden av og grenser mot Jærbanen på Reiestad rett sør for tettstedet Varhaug i Hå kommune, og er et av mange anlegg som er på en liste over kulturminner i Hå.»

Ein annan stad fann eg dette: «Leksaren er et felt med fornminner. Feltet består av 1 ringformet tunanlegg med 15 hustufter, 2 gravhauger, 1 steinlegning, 1 jordblandet røys, 1 gardfar og 1 rydningsrøys.....»



Kunst på Varhaug

Me har vore så heldige å få støtte til eit kjekt kunstprosjekt av SR-bankstiftelsen.

Det som skal skje er at mange skal lage kvar sitt lite maleri på ei 10x10 cm rustfri plate.

Motivet er fritt og det er ikkje alltid det perfekte som er best. «Kunstnarane» slepp å

bruke energi på valg av fargar, då det kun skal brukast ein grønn farge. Om maleriet er signert eller ikkje er ikkje så nøye. Når alle desse små kuntverka er ferdige til sommaren, skal dei plasserast på ei stor plate som skal hengast opp i jernbaneundergangen. Me har 1200 plater klare for maling, så me håper at mange vil bidra. Varhaug Skule, Varhaug Ungdomsskule og Tryggheim Ungdomsskule er klare. Det same er dei på Klokkargarden. På Varhaugsmarken vil det også vera mulig å laga maleri. Skulle det vera lag og foreiningar eller bedrifter som vil ha kunstkveld, er det bare å ta kontakt for å få utdelt plater, maling og kostar.

Arnstein Skretting



"Kultur i Løå" torsdag 20. april: En kveld på Løå med Britt Synnøve



BRITT-SYNNØVE JOHANSEN
Pianist: SVEIN RAGNAR MYKLEBUST

Britt-Synnøve og Svein Ragnar har i mange år arbeida tett saman musikalsk.

Dei har gjort store produksjonar som Les Misérables, Annie og Piaf, han som pianist og musikalsk leiar, ho som artist. Dette er dei begge glade i, men aller best likar dei seg saman berre dei to. I små fora, tett på publikum, der dei kan leika seg musikalsk, fritt for noter og koreografi.

Dei tek for seg av eit rikt repertoar. Det vil naturleg nok verta ein kveld med mykje Piaf, men dei sveipar nok også innom både Dietrich og andre artistar frå denne perioden. Kanskje blir det ein og annan musikalsong, og heilt sikkert ein eller to dei har skrive sjølv. Som Britt-Synnøve seier: «Det komme an på humøret, det!»



"Kultur i Løå" torsdag 23. mars:

Føredrag av tidlegare sjefredaktør i Stavanger Aftenblad, Tom Hetland:

"Russland – vaknar bjørnen til live igjen?"

Kva tyder Putins politikk for Russland, Norge og resten av verda, spør Hetland, og dreg linjer tilbake til Sovjetunionen og det gamle Tsar-Russland. Kva er nytt og kva er gammalt i dagens Russland?

Tom Hetland vart tilsett i Stavanger Aftenblad i 1986. Han var sjefredaktør frå 2002 til 2011. Då han gjekk av som sjefredaktør i avisa, fortsette han som kommentator fram til sommaren 2016. Tom Hetland har hovudfag i historie frå Universitetet i Bergen, med norsk og russisk i fagkrinsen, og har gjennom heile sitt yrkesaktive liv samla seg mykje kunnskap – også om Russland. Tom Hetland er ein høgt skatta deltakar i samfunnsdebatten, både som føredragshaldar og ordstyrar i debattar. Han har som journalist, redaktør og kommentator bidrege med tallause artiklar – skrivne med stor innsikt, godt språk og med treffsikre formuleringar.

En alliansebank i **eika**.

Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ♦ Jærehagen ♦ Kleppe ♦ Kverneland
Undheim ♦ Varhaug ♦ Vigrestad

Sigbjørn Varhaug fekk kulturprisen

Me er godt i gang med 2017, og ser framover til vår. 2016 ligg bak oss med mange gilde hendingar. Denne gongen vil eg trekkje fram at Sigbjørn Varhaug har fått kulturprisen i Hå. Han har, som dei fleste veit, vore ei av eldsjelen angående skulen på Lerbrekk. Men Sigbjørn har gjort så mykje meir. Han har halde på med ulike frivillige engasjement i over 50 år. Så lenge sundagsskulen heldt til på Lerbrekk, var han ein av lærarane. Men det er ikkje berre Lerbrekk skule som er Sigbjørn sitt hjartebarn. Han var fleire år med i styret for Varhaugbuen, og er framleis med og køyrer rundt med bladet.

På misjonshuset har han vore styremedlem og formann i vestlandske indremisjon (nå heiter det Indremisjonsforbundet) samanhengande i 23 år. Han har og reist rundt på møter og forkynt Guds ord. Sigbjørn var med i FAU når ungdomsskulen på Varhaug var ny. Han engasjerte då andre frivillige til å vera med og laga det fint til rundt ungdomsskulen. Som ei av døtrene sa, -Far har vel alltid vore med i eitt eller anna. Men me skal ikkje ramsa opp alt her.

Første nyårsdag var det samling på Jærmuseet med nyttårstale av ordførar Jonas Skrettingland. Her var det og utdeling av kulturprisen for

2016, utmerking til kandidat til frivilligprisen 2016 og heider for kulturprestasjonar 2016. Det starta med flott song av Tobias Vigrestad Mellemstrand, akkompagnert av pianist Maciej Stroynowski. Så fekk ordføraren ordet. Han summerte opp det som var gjort i 2016, og planane framover for 2017.

Irene Ege frå Nærbø fekk frivilligprisen 2016. Sigbjørn Varhaug fekk kulturprisen 2016, og så var det ei rekkje ungdommar som fekk utmerking for ein eller annan prestasjon i 2016.

Kulturprisen inneheldt pengegåve, så den ville Sigbjørn bruke til ei samkome på Lerbrekk for familien og andre som har vore med og gjort Lerbrekk skule til det samlingspunktet den er i dag. Det store dugnadsåret 1996 var det med heile 82 på dugnad av ulik slag. I alle år seinare har alt fungert på dugnad. For å nemna litt, vasking, sundagskafé og andre arrangement. Dei som vaskar og held orden på alt



i dag er, Olav L. Varhaug, Johannes Husveg, Harald Bratland, Eivind Varhaug og Ingvar Reiestad, forutan Sigbjørn. Oddvar Ånestad held orden på plenklipping. Med all utleiga som er, så seier det seg sjølv at vaskarane har mykje å gjere. Det er alltid reint og ryddig på Lerbrekk. Sigbjørn seier han er svært takksam for alle som gjer ein innsats for den kjære møteplassen vår.

For å gjere litt ekstra stas på dei inviterte, hadde Sigbjørn fått med «To tynne og ein Runde» til å underhalde og spele til allsongen. (Den faste kapellmeisteren Brit, kunne diverre ikkje vera med.) Det vart ein gilde og minnerik kveld for dei 59 som var med.

Brit Obrestad

Lerbrekk skule

Sundagskafeen held fram også i år. Første sundag var 5. februar med godt frammøte. Dei neste sundagane framover vert 5. mars, 2. april og 28. mai kl. 14 – 17. Velkomen innom til skulen vår for ein kopp kaffi og ein gode drøs.

Lerbrekk skule

**Årsmøtet vert den
23. mars kl. 19.00**

Det vert markering av at Vennelaget er 20 år i år.

Det vart stifta i januar 1997. Kjellaug Aanestad Varhaug og Eldar Odland vert med oss med helsingar.

Vanlege årsmøtesaker.

Mykje god allsong.

Alle, både medlemer og andre interesserte, er velkomen til Lerbrekk.

Helsing Styret



Korpset består pr dags dato av totalt 12 medlemmer.

Der noen har vært med i mange år, mens noen er relativt nye. Felles for alle disse musikantene er at de har et ønske om å lære å spille et instrument. De ønsker å ha et sosialt felleskap, og de ønsker å oppleve noe nytt.

Musikals er vi sammensatt som et storband. Vi har slagverk, piano, gitar og blåseinstrument. Vi prøver å spille ulike typer musikk fra ulike tidsepoker og sjangere. Dirigent er Lars Ole Bergersen. Vi har også avtale med kulturskolen, slik at hver musikanter får en bra oppfølging.

Vi ønsker også å framheve det sosiale i korpset. Vi har kosekvelder ved sesongavslutninger. Og vi har også en tur når skolen slutter til sommeren. Nå sist hadde vi en langhelg i København.

Vi er tre personer som danner et styre i korpset. Anne Håland, Tone Rigmor Hovland Borgen og Kjartan Aanestad. Dirigent Lars Ole Bergersen møter også på styremøter.

Korpset er tilgjengelig for spilling på ulike arrangement. Vi pleier å spille på diverse arrangement i bygda, som f.eks 17.mai, varhaugmarken, og ulike arrangement i juletider.

Vi har lite dugnader i korpset, det er stort sett 17 mai, da har vi ansvaret for kakesalget i idrettshallen.

Kjenner du noen som kunne tenke seg å begynne i korpset? Ikke nøl med å ta kontakt med undertegnede, eller noen annen i styret.

For Varhaug skulemusikkorps.

Kjartan Aanestad

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Lars Gaute Sport
sport 1
VARHAUG 51 43 28 80 NÆRBØ 51 43 43 10

TAH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG
hud & fotterapi
HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

Solarium
"Det er stor helsegevinst med et godt Solarium-besøk"
Hage & Solen AS
Kerastase L'OREAL
Dame & herreklipp
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Brundibar Hå og Klepp kulturskule sin barneopera

Der har kulturskulen klart det igjen. Eg var på forestillinga på Jadarheim nyleg, og det er berre heilt imponerende kva desse unge elevane fekk til.

Brundibar er ein barneopera frå 1938, og vart først gong oppført i ein barneheim i Praha 1942, men då var alt komponisten, Hans Krasa, transportert til konsentrasjonsleiren Theresienstadt. I 1943 vart mest alle

barna frå barneheimen og transportert dit. I 1943 arr. så Krasa operaen heile 55 gonger i konsentrasjonsleiren. Dette vart seinare brukt som eit «glansbilete» nazistane viste fram då Røde Kors kom på besøk i leiren i 1944.

Brundibar handlar om å stå saman. Står ein saman kan sjølv dei små verta sterke. Det er mykje song og musikk, men handlinga er og alvorleg. Men for barna i konsentrasjonsleiren var dette eit pusterom i ei elles tung og tragisk tid.

Jærbladet hadde og nyleg ein omtale om Brundibar, der ein fekk godt innblikk i heile handlinga.

I april skal kulturskulen oppføra utdrag frå Messias i Nærbø kyrkja saman med Jæren Symfoniorkester, så her er det berre å gleda seg til dette.

Liv

Mykje fin sang, musikk og oppvisning i Stuelandsbygget



Gordon og Asbjørn er flinke til å få gjera det triveleg i «førejulstida». Etter at julegrana var tend på fredag, serverte Kristin og Asbjørn varm gløgg, og dagen etter – laurdag – selde Johannes grøt. I tillegg var det fin song og musikk av Hedda og Maria Stueland Mikkelsen. Her var og Ovar Varhaug med på eit par songar. Som om ikkje dette var nok, på sjølvaste julafta føremiddag var Linus Nord-Varhaug nok ein gong på plass med fela si med fin musikk i gangen mellom Spar, apoteket og Lotus. Mange



hadde møtt opp, og farmora serverte kaffi til dei som ville ha. Underteikna skulle ha ferdig risgrøt til 25 personar kl.12.00. Men grøten måtte berre passa seg sjølv mens eg var på Spar for å få med meg den flotte musikken. Til slutt fekk Pulsan visa seg fram, denne gongen med ein gjeng flinke ungar som taktfast svinga på armar og føter til diggande musikk.

Liv

Kom deg i form!

I andre høgda i den nye hallen til idrettslaget, er det eit kjemperom med alt slag utstyr for dei som vil trimma seg litt ekstra. Her har me vore nokre damer som måndag og fredag føremiddag både har vore på tredemølla, løfta litt på vekte og trenar rygg, kne og armar. Dette gjer skikkeleg godt, og det er plass til endå fleire. I tillegg går bygdekvinnelaget tur kvar måndag og Sissel trimmar oss på tysdagane. Før me starta med dette ekstra i trimromet hadde Jan Christian Vasshus ordna med ein fysioterapeut som syntte kva apparat som var gode å bruka for oss. Trimromet har store vindaugo mot aust, så me har ei utruleg flott utsikt mot Skrettingland mens me held på med treninga Kom og vær med oss !



HÅ
HÅ REGNSKAP AS
Autorisert regnskapsførerselskap

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING
ÅNESTAD
MASKINSTASJON
Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaufonline.no
• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



Nytt frå Misjonshuset

Så var me i gang med 2017 – allereie i slutten av februar.

Som vanleg er det full fart med øvingar i lovsong, med forskjellige kor, store og små møter, minnesamvær etter begravelser, årsmøter og nokre basarer. Og bryllup!

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Koret Hananja har jubileum i år, og vil markere med jubileumsdag 25. mars.

Og laurdag 1. april skal Hå skulesjakk arrangere krinsmeisterskap i sjakk for skolelag frå heile Rogaland. For 2 år sidan vart det halde på Misjonshuset, og då var det Norgesrekord i deltaking med 52 lag med 4 spelare på kvart, pluss 27 reserver og foreldre og søsken. Godt over 300 personer var vel nøgd med spilleforhold og servering på Misjonshuset, - alt på dugnad selvsagt.

Av de faste møteinnslaga må me fortsatt nemne «Sundag», som vert arrangert annakvar veke. Her er det mykje lovsong og god anledning til forbøn.

Året starta med ei bønneveke, der det var nokre tilstades i bønneromet på misjonshuset døgnet rundt, eit flott 24/7 opplegg der kvar person kunne velje ein time om gangen etter som det passa,- dag eller natt! Det blir vel totalt 168 timer med bønn. Dette vert nok eit fast innslag i Misjonshuset,- tidleg på haust og rett etter nyårskiftet.

Utleige til konfirmasjon er slik at ein kan tinga på rom for 2018 no, og så vert det trekning ca 1. mai. Dersom nokre har behov i år for rom, så har me hatt eit par avbøttingar, slik at på begge konfirmasjonshelgene i mai kan me ha plass til selskap.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset.

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no
Gateadressa er Ånestadvegen 21,
postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

*Velkommen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid*

Grasrotandelen og abonnement og gaver

Gildt å sjå at det er så mange som tenker på Varhaugbuen når dei tippar. I 2015 kom det inn **kr. 1.871** frå grasrotandelen, mens det i fjor kom inn heile **kr. 6.838**.

I tillegg auka og abonnement og gåve frå **kr. 18.300** til **kr. 22.150**. Dette er noko styrt set veldig stor pris på, og seier her mange, mange takk.

Varhaug bedriftsforening

Foreninga skal ha årsmøte 17. mars, og Reidar Skretting er særst nøgd med påmeldinga til møtet. Noko anna som og Reidar kan gleder seg over, er medlemsauken det siste året; 13 nye bedrifter er kome med i 2016, så nå er medlemstalet 61.

Dei nye er: Jættre AS, Aroy Thaimat, Cave & Cube interiør, Stasjoen Pub, Familiekiropraktoren og Fotograf i Stuelandbygget.



"Spødetur" til Kristiansand

Etter at Varhaugbuen feira seg sjølv i 2015, vart det danna ei ide gruppe som skulle sjå på kva me kunne finna på for å gjera stasjonen litt trivlegare. Ein av ideane var å pynta nokre av trea langs jernbanen med fargerike borde av spød. Denne ideen fekk bygdekvinnelaget, som i fleire år har hatt strikke-kafe første måndag i vår og haustmånadane, til å seia: »Dette vil me vera med på»

6.februar kom Ingeborg Skretting på strikke kafeen med garn i sekkevis. Dette var ei gåve frå Ingrid Hansen, det var restar etter IT butikken.

Fredag 17. mars reiser 36 damer i regi av bygdekvinnelaget til Kristiansand med 07.00 toget.

Morgonmaten tek me på toget, enten med nistepakke eller frå kafe vogna. Me skal ha spødet med, og planen er å ta pinnane gå på tog turen. I Kristiansand kan me gjera det me vil, kanskje nokre vil sitja på torget med spødet? eller dei vil handla. Men kl. 13.00 er det felles lunsj på Egon, før me tek 16.00 toget heim igjen. Då er det på an igjen med spødet, og vel heima er det vel vorte nokre nye ruter/striper som skal pynta opp trea i Stasjonsvegen.

Er det einkvan der ute som har lyst å spøda noko til trea, så berre ta kontakt med Oddbjørg Skrettingland.

Liv

Nok eit stort løft for Varhaug Idrettslag

På årsmøtet i laget nyleg vart det vedteke å bygga ein fotballhall, og det berre året etter at dei bygde den store, fleirbrukshallen. På årsmøtet var det **90 som stemde for** og 13 mot bygginga. Eg fekk kjennskap til planane på ein særst gild og vellukka årsfest 18. februar, men hadde ikkje høve til å gå på årsmøtet grunna ein liten ferie. Gildt at så mange møtte på årsmøtet. Reknar med at det var byggeplanen som gjorde utslaget. Varhaugbuen ser fram til å fylgja med i dette arbeidet i dei neste nummera i 2017, og seier berre lukke til!

Fotografen i Stuelandsbygget

Lesarane husker kanskje frå sist nummer der me skreiv om **Asle Haukland**, som hadde starta som fotograf i Stuelandsbygget. Han har ikkje fast kontordag, men det er bere å ringa **45 28 08 38** om du treng fotograf.

Asle lova og at den som tinga fotografering før 1. desember 2016, ville vera med i ei trekking på ein helikoptertur. Den heldige vinnaren var Agne Skretting, som kan sjå fram til ein fin tur når det vårast litt meir. Varhaugbuen gratulerer.



Hå skulesjakk Besøk frå Smeaheia

Skulesjakken er no berre på Vigrestad torsdagar kl 1730-1845. Det er opp mot 20 gutar og jenter som kjem kvar gang.

Sist torsdag (16. februar) hadde me besøk av den største skulesjakkklubben i Rogaland. Smeaheia skulesjakk kom frå Stavanger med 20 spelarar og ville ha lag-kamp mot 20 frå Hå skulesjakk. Me var litt spent på kven som kom, men vi kunne stille me 24 spelarar, og dei 4 beste hos oss måtte sjå på.

Kvar spelar vart satt opp mot en spelar frå det andre laget,- etter antatt spillestyrke. Nokre svært gode spelte med klokke,- medan dei yngste (eller ferskaste sjakkspelerane) slapp å nytte klokke. Sjå bilete.

Det var to parti, og ein pause med pizza og brus imellom.

Jon Albert Tveita frå Vigrestad spelte mot bestemann frå Smeaheia og vann begge partiene! Elles vann dei fleste i beste gruppe frå Hå partia i andre runde.

Første runde vann Smeaheia med 13,5 mot 6,5. Men etter pausen kom Hå betre med og vann med 12 mot 8. Så totalt vann Smeaheia ein knepen seier,- så vi må nok bu oss på å reise til Stavanger ein annen gang for å ta revansje!

Elles er det mykje som skjer no, me skal ha Håmeisterskap i skulesjakk laurdag 11. mars. Og så skal Hå skulesjakk vere ansvarleg for KM i sjakk for 4-manns skulelag laurdag 1. april. Det skal vere på Varhaug Misjonshus der me nyttar matsal til spillestad for barneskule, medan møtesalen vert arena for lag frå ungdomsskuler og vidaregåande skuler. Mat servering vert i gangen, og noko av det som ikkje vert servert andrea stader, er graut! Det er noko me har folk som er gode på her på Varhaug.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>



Hå sjakk for vaksne Nytt styre

På lensmannsløa har me hatt sjakk annankvar onsdag. Og hatt detaljert informasjon på facebook i gruppe «sjakk i Hå»

No vert det slutt med speling på løa. For onsdag 15. februar hadde me invitert til oppstart for ein ny sjakkklubb, Jæren Sjakklubb (JSK). Det var nye Bryne Vidaregåande skule som var møteplass og der vil spilledato vere kvar onsdag frå kl 1900 til 2200.

Det vart stort frammøte, og etter å ha vedtatt klubbens reglar, vart det val på styre,- og til slutt ei lita lynturnering der det deltok spelarar frå 70 og ned til 10 år.



Dette verker svært lovande,- og me satser på å delta på Landsturneringen i sjakk i Stavanger tidleg på juli med mange spelarar.

Jæren Sjakklubb vert snart innmeldt i Norges Sjakklubb som klubb for Jærregionen.

Valt til formann vart Per-Arvid Jakobsen, og med i styret er Arne Hanevik, Daniel Sinnes og Ahmad Abdelhafiz, medan Hans Vigleik Jakobsen vart varamann.

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

KULLSYREMASKIN FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



Nå kan me få Thaimat på Varhaug

Som de kanskje les i Jærbladet nyleg, opna Tiyada Khemdee i januar «Aroy kafe og Take Away» i Sentrumsgården, (gamle handelslaget).

Tiyada bur på Vigrestad saman med sambuar og ei 7 år gamal jente. Ho har vore på Vigrestad i 7 år, og snakkar veldig godt norsk. Då eg sa det til henne, svara ho raskt: «Språket er det viktigaste av alt viss du vil verta integrerte i eit nytt land, og ikkje minst viss du vil ha deg jobb». I tillegg til å vera med i bedrifta på Varhaug av og til, har ho tilsett 2 kokkar og 2 assistentar. Men Tiyada arbeidar og 70% som frisør, og skal ta fagprøven til sommaren, så dette er verkeleg ei dame med stå på vilje. Ho var van med matlaging før ho kom til Norge, for foreldra hadde kafe midt i Bangkok sentrum.

Tiyada fortel at den første veka gjekk matsalet mest til himmels, for så og dala ganske godt ned igjen. Men nå har det jamna seg noko ut, og ho er godt nøgd med salet så langt. I mars vil dei og utvida opningstida noko, men måndag er stengt. Tysdag, onsdag, torsdag og fredag 13.00 – 20.00. Laurdag og søndag 13.00 – 21.30. Dei har mange forskjellige thai-rettar, og kvar dag vil det verta endring på «hovedmenyen».

Eg har vore på prøvesmaking, og den maten kan eg trygt anbefala.

Varhaugbuen ynskjer Tiyada lukke til med bedrifta på Varhaug.

PS. Nå når det har kome eit nytt tilskot i Sentrumsgården, vonar eg at Varhaug folk nyttar seg av dette, slik at både Thai maten og kanskje andre nye kjem etter kvart, og at desse kan overleva. Synd at alle dei gilde roma i bygget berre skal stå tome. Det er i grunnen eit ganske trist syn.

Liv



Februarmøtet i fotoklubben

Varhaug fotoklubb var samla i Lensmannsløa den 6.februar. Me gledde oss denne gong til besøk frå andre sida av Skjævelandsbrua, av Rune Helliesen. Veldig interessant og lærerikt å sjå korleis en «actionfotograf» arbeider under vannflata for å fotografera symjarar, langs løyper og traséar både sommer og vinterstid for å «skyta» syklistar og langrennsløpere. Dei som vil sjå arbeidet til Rune, kan besøke han på «Fjesbogå», eller ta turen innom Klepp symjehall, som etterkvart skal bli rikelig utsmykka med bileta hans.


Det var og veldig kjekt at mange nye, fotointeresserte kom denne kvelden. Klubben begynner å slå rot, og det er gledelig å sjå at folk kjem tilbake gong etter gong.

Tema for februar var «former». Eit vidt tema, som kunne tolkast på mange vis.

Her er nokre av bidraga til februarmøtet.

Neste gong er temaet «Stein». Ein treng nok ikkje reisa frykteleg langt for å finna motiv til den oppgåva...

Velkommen til gamle og nye medlemmer: 6.mars, kl.19:00.





Bokslukerprisen

Bokslukerprisen er ein gratis og nasjonal leselystaksjon for barneskulen. Elevane i 6. klasse skal stemma fram sine favorittar på bakgrunn av utdrag frå 10 forskjellige bøker frå deira målgruppe. Første gong dette vart arrangert var i 2014. Varhaug skule har vore med på dette prosjektet kvart år.

Elevane i 6. klasse fekk så i haust utdelt eit hefte med utdrag frå 10 forskjellige bøker. Dei har og kunna nytta seg av lydbøker. Her var det både krim, drama, grøss, humor og kjærleik. Så skulle elvane lesa gjennom desse utdraga, og så gjera opp ei meining om kva som gjorde akkurat denne boka så bra eller dårleg. Her måtte elevane både tenka sjølv og diskutera ein del for å koma fram til kvifor dei tykte den og den boka var best.

Nå er elevane kome til neste fase i prosjektet. 25.000 elevar frå 6. klasse rundt i heile landet har stemt fram sine 5 favorittar, og nå er det ikkje berre utdraga frå bøkene som skal lesast, men heile bøkene, som er *Luridimustyven*, *Dobbeldaten*, *Far din*, *Evig midnatt på museet* og *Ulvehundgaten*.

Varhaug skule søkte om å få vera med vidare i sluttfasen, og er einaste skulen i Rogaland som kom med. Elles er det med ein klasse frå Finnmark, Møre og Romsdal, Oslo og Fredrikstad. 6- klassane frå desse 5 skulane held nå på med å lesa desse 5 bøkene, for så å stemma fram sin favoritt.

Varhaugbuen har vore og snakka med elevane på Varhaug, og alle tykte det hadde vore eit spennande prosjekt. Nå er det like før sluttspurten. Nå er alle dei 5 bøkene snart ferdigleste, og elevane held nå på med å finpusse på avstemminga. Denne vert sendt til Oslo, og rett over påske vert det kjent kva for ei bok av desse 5 som får «Bokslukerprisen». Det kan nemnast at i fjor var «Forfulgt i London» vinnaren.

Ved utdelinga av Bokslukerprisen skal Karete Fosse frå biblioteket og norsklærer i 6. klasse, Heidi Idland, saman med 5 elevar reisa til Oslo for å vera med på kåringa. Dette vert ei stor oppleving, der ein del av forfatarane til bøkene dei har lest og vil vera til stades.

Håpar Varhaugbuen får eit referat frå Oslo turen til neste nummer.

Liv



Varhaug Pensjonistlag

Den 12. januar vart eg møtt med vaffelkake-lukt då eg kom på Handelslaget (Coop Extra) og skulle handle. Der var det tre fjåge damer som serverte varme vaflar til dei som hadde lyst på.

Desse damene var Halldis Bakke, Klare Reime Ueland og Margretha Varhaug. Dei ynskte å verva fleire medlemmer til pensjonistlaget. Dei reklamerte for møta som er den siste tysdagen i kvar månad, klokka 17.00 – 19.00 på Varhaug skule. Første møte i år var den 31. januar, og då skulle Frimenn vera med og underhalde med song og musikk.

Derfor tenkte eg at det kunne vera kjekt å høyre Frimenn, så eg møtte opp på skulen. Haldis Bakke ynskte alle velkommen, og spesielt dei nye medlemmane i Pensjonistlaget. - Me har fått 30 nye medlemmer etter å ha stått på stand på Coop Extra på Varhaug og Vigrestad, og på Spar på Varhaug. Eit varmt velkomen også til Frimenn som skal synge og spele.

Frimenn hadde to avdelingar. Først med den lette sjangeren før maten, og litt meir alvorlege tekstar etter maten.

Frimenn er ein gjeng med staute karar i godt vaksen alder. Dei kjem frå heile Jæren, og syng av hjartans lyst, akkompagnert av trekkspel, banjo og gitar/bass. Denne gongen var ikkje banjoen med. Leiaren Terje Vold seier på heimesida til Frimenn: «Sang og musikk er ikkje møtefyll, men eit sjølvstendig innslag der

tekst og melodi har eit eige språk som kan passera forbi tanke og forstand og tala rett inn i vårt indre. Når me høyrer god sang og musikk kan me oppleve ei glede som fornuften ikkje kan forklara.»

Etter kveldens songar trur eg trygt at alle kunne sanna den siste setninga. Ein blir glad av å høyre god song og musikk. Og ikkje minst, sjå på desse glade songarane. Det er noko heilt spesielt når ein verkeleg opplever songgleda hjå dei som formidlar. Det smittar over på tilhøyrarane.

For eit år sidan feira Varhaug Pensjonistlag 30 årsjubileum. Då hadde dei 66 medlemmer. Med ca. 30 nye nærmar dei seg hundre medlemmer. Men det er framleis plass til fleire, og ikkje minst, yngre pensjonistar. Kvart år blir det nye pensjonistar også på Varhaug. Det er sosialt å vera med i eit lag. Her treffer ein andre og kan prate. Dei syng saman, og har kjekke program på møta. Sjølv sagt er det kaffi og mat på møta.

Program for våren: 28. mars kl. 17.00 vert Tordis Sandvik med og snakkar om «Livsglede i kvardagen». Ho har vore lærar og rektor på Undheim skule. 25. april kjem det nokon frå Betre Liv og vil snakka om ulike produkt. Det skal og vera opplesing. I mai vert det dagstur, enten 29. eller 30. mai. Program er ikkje klart endå. Sjå oppslag og annonse når tida kjem.

Brit Obrestad





Hå karateklubb Gradering i desember

Hå karateklubb praktiserer stilarten Shotokan, som er en av de største stilartene innen karate.

Shotokan kjennetegnes særlig av sine dype stillinger og sterke, lineære teknikker. Hovedtanken bak teknikker og bevegelse er at den korteste og raskeste veien fra et punkt til et annet, er den rette linjen.

Klubben har hatt en jevn og god medlemsøkning, og teller i dag ca 90 medlemmer godt spredt i alder. Vi trener 4-5 dager i uken, fordelt på Varhaug og Bø skule, noe som er med på å gi medlemmene

alternativer. På hvert sted trener vi teknikk den ene dagen og kamptrening den andre.

Klubben arrangerer gradering 2 ganger pr år, seminar og klubbkonkurranser. I tillegg reiser medlemmer på konkurranser til blant annet Haugesund, Bergen og Mandal.

Treningstider: Varhaug mandager, nybegynnere kl 17-18, onsdag kl 18-19
skule, tysdag og torsdag 18-19

Tone Lerbrekk



Mykje på gang i bondelaget

Då var det nye året i gang. Tida flyr. Me i styret har vore på litt forskjellige møte og liknande. Me har hatt den årlege julefrukosten på ungdomsskulen, det er årets høgdepunkt både for lærarar og elevar.

Julemøte hadde me på Fjordkjøkken i lag med Søre Hå bondelag. Jarle Vidvei ga oss eit bilete på «eventyret», som i grunnen denne verksemda har vore, og det var interessant. Ordføraren og jordbruksjefen var og med. Riskrem, kaffi og godt drøs var det og tid til.

Stormøtet, siste måndagen i januar, var som tidlegare år godt og med stort frammøte.

Så litt om det som skal skje framover. Me i styret skal gå gjennom jordbruksmeldinga, og eventuelt gje eit innspel innan 24. februar.

16. mars kl. 19.00 vert det vår møte på Felleskjøpet i lag med NRL og Søre Hå.

24. mars vert det Bondepub. Vert dagen endra vil de få melding på SMS.

Me håpar på ei fin tid framover. Dagane vert lysare og det går mot vår. Skjer det noko ekstra i laget, sender me ut ein SMS.

Er det noko de tenker at bondelaget bør ta tak i, vær grei å ta kontakt.

Helsing styret i Varhaug bondelag



HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M C A
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

M C A
CAR SERVICE



Akedag på Søyland 7. Februar 2017

På akedagen møtte det opp 64 medlemmer og 21 foreldre. Vi hadde med 2 bål panner, der vi hadde kaffi og grilling for dei som ville det. Me hadde 2 arbeidslys som lyste opp heile bakke slik ingen trong hodelykt. Medlemmane rann på kjelke og kosa seg.

Aasbjørn Aasland



Grautfest 8. desember 2016

Siste medlemsmøte i Svala 4H 2016 var på ungdomsskolen. Me hadde aktivitetar som medlemmane kunne melda seg på. Aktivitetane var swingkurs med Magnhild Aanestad og Gro Aanestad Håland, førstehjelpskurs med Børge Hognestad, kolstift-kurs med Brit Alsvik Håland, blyant teikning med Merethe Sæbø og form og farge med Elisebeth Berge. Før kursa hadde me graut med mandel i, med fine premiar. På møtet kom det ca. 72 stk.

Helle Skretting



Plastinnsamling i Svala 4H

I mange år har Svala 4H arrangert innsamling av landbruksplast 4 gonger pr. år. Bøndene i bygda er veldig flinke til å støtta opp om innsamlinga, slik at dei vert kvitt plasten og Svala 4H tener pengar. I 2016 (nov 2015, feb, mai, august 2016) samla me inn 103,8 tonn plast.

Året i år har òg starta godt, med 27,7 tonn i november 2016 og 22 tonn no i februar.

Takk til Jone Bryne som organiserer plastinnsamlinga år etter år, gode hjelparar og alle bønder som kjem med plast!!

Kristin Søyland





**DU KAN FÅ NYTT HUS
- UTEN Å FLYTTE!**

Ta kontakt for uforpliktende pristilbud på
979 46 255 eller jarle.reime@norgeshus.no

Smart gåvetips - og støtt Løå som møteplass

Vennelaget sel gåvekort som kan nyttast på "Kultur i Løå" arrangement. Gåvekorta er eit av mange tiltak som i sum skal vera med på å gjera Lensmannsløå til ein god møteplass på Varhaug.

Flest gåvekort vert selt til jul og fødselsdagar. Men dei kan like gjerne kjøpast i andre høve. Det kan vera ei fin bedriftsgåve til tilsette. Eller det kan vera ein måte å gje nokon ein kjenner "eit ekstra puff" til å koma seg ut på kulturelle og sosiale opplevingar.

Gåvekorta kan nyttast i 2 år frå kjøpsdato. Dette og all anna informasjon du treng finn du på gåvekortet.

Gåvekorta kan kjøpast på arrangementa eller ved å kontakta Odd Einervoll på tlf/sms 911 62 407 eller på e-post lensmannsgarden@lyse.net.

LØP OG KJØP ...



Løå-gåvekort nr. _____

Værdi kr _____ / kroner _____

Kan nyttast på arrangement i regi av Vennelaget for Lensmannsgarden
Følg "Kultur i Løå" på Facebook

Garantert plass ved
reservasjon seinast
7 dagar før forestilling.
sjå nedfor



Dato: _____
Gyldig i to år

Sign.: _____

Vennelaget kvitterer på baksida om berre ein del av beløpet er nytta

Plassreservasjon og spørsmål til Odd på tlf./sms 911 62 407 eller e-post: lensmannsgarden@lyse.net



Program for Kultur i Løå vår 2017:

- 23/3 Tom Hetland foredrag: "Russland – vaknar bjørnen til live igjen?"
- 20/4 Ein kveld på Løå med Britt-Synnøve Johansen
- 17/5 Kulturkveld med musikal Espen Hana, og tale av Leif Obrestad
- 23/6 Jonsokfeiring

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.


Datoar: 25/1, 8/2, 22/2, 8/3, 22/3, 26/4, 10/5

Programmet vert oppdatert på plakatar, facebook, sms og e-post.

For å få påminning på SMS og e-post, kan de melda dykk inn i Vennelaget (gratis) ved å senda SMS med namn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

VI HAR FLYTTET TIL STASJONSVEGEN 24, FREMDELES PÅ VARHAUG



NYTT BAD?

VI HJELPER GJERNE MED PLANLEGGING OG PROSJEKTERING



Elgane Motorsykkelklubb

Som vanlig hadde Elgane sitt årsmøte siste tirsdag i januar med Paul Skretting som stødig møteleder. Omund Thu vart gjenvalgt som styreleder og med seg i styret har han komande år;

Arild Bjarte Våland, nestleder

Lindy Moi, sekretær

Elin Hobberstad, kasserer

Frank Selebø, styremedlem

Øystein Frøyttlog, styrerepresentant ATV

Finn Helge Haugland, styrerepresentant motocross

Tarald Haaland, styrerepresentant speedway

I tillegg har Ronny Anda sagt seg villig til å være medlemsansvarlig i klubben, og skal ha kontroll på lisenser og medlemskap.

Klubben driv godt og har god økonomi til tross for me har brukt ein del pengar på nytt bygg i 2016.

I løpet av 2016 har eit flott maskinhus/lager reist seg på «baksia» av speedwaytribunen. Klubben har lenge hatt behov for ein plass til å lagre traktorer og maskiner inne. I tillegg har ildsjeler rydda og malt i «Komlebua».

Arrangement

2017 blir eit spanande år for klubben. I tillegg til å arrangere første NM-runden i Motocross første helga i juni, noko klubben har god erfaring med, skal me arrangere FIM Speedway Youth Gold Trophy 80cc 8 og 9 juli. Meir om dette stevnet samt intervju med deltakere kjem i neste nummer. Dette stevnet er nok noko av det største Elgane har arrangert så det gleder me oss til.

Me oppfordrer alle som er interesserte i fart og spenning å ta turen til Elgane under stevna. Då er det mykje kjekt å sjå, spennande løp, kjekke folk - og me har alltid åpen kiosk.

Rekruttering

Klubben arbeider kontinuerlig med å få nye kjørere til klubben. Dersom du kjenner nokon, har nokon sjølve som ønsker å starte med motorsport er det bare å ta kontakt med ein av oss i styret. Kom gjerne på besøk i treningstida, nå på vinteren er det oppe kvar søndag frå 1200 – 1600 så sant banane er kjørbare.

Klubben på nett: Følg Elgane på facebook eller på nettsida elgane-mc.idrettenonline.no.

Elin H.

Street Legal Varhaug??? Hva er nå dette?

Jæren Dragrace klubb arbeider med å lage til billøpet “Street Legal Varhaug”. Dette er et billøp som alle norskregistrerte biler kan delta på. Reglene er enkle - det kjøres etter dragrace prinsippet med 2 deltakere som kjører mot hverandre fra 0 til 200 meter om første mann i mål. Det kjøres i 3 klasser, og klubben håper også på å kunne kjøre MC. Dette jobbes hardt mot å få dette til **LØRDAG 22 APRIL**. Men det må understrekes at alt ikkje er i boks enda. Mer info vil komme til Jæren Dragrace sine klubb- og facebook sider i tiden fremover.”

Lensmannsløa ungdomsklubb



Me hadde eit fantastisk flott julebord, med pinnekjøtt og riskrem. Fullt hus! Servitorane er sjølvstelt valfagsselevar, som er i ungdomsklubben når dei har «Innsats for andre».



Spelet “Ryktet går” er utruleg gøy!



Fleire har blitt utruleg flinke til å sy puter, og nokre og klede. Her Benedikte og Zlata i kjent stil

Ungdomsklubben har framleis godt besøk, med opp mot 30 ungdommar kvar gong. Me har ungdommar frå alle bygdene, og det er gildt å sjå at me stadig får fleire som tek turen frå Vigrestad og lengre sør. Når det gjeld alder, har me dette året ei jamn fordeling mellom 8.-10. trinn, sjølv om det nok er flest frå 10. trinn (nokre eldre og), og like mykje gutar som jenter.

Framover:

5. april vert det ENDELEG guttekveld. Denne gong på Nærbø, i lokala til Loen ungdomsklubb, Hå kulturtorg. Me har sjølvstelt goodibags for dei 50 fyrste gutane som kjem, og mange flotte premiar som me loddar ut i slutten av kvelden. Alt er gratis, og alle får og mat. Silo og saft kjem og har ein minikonsert, me får besøk av sexolog Tom Nybø, fotballspelar Vidar Nisja og Fix it frisør. Dette er ein kveld som er verd å få med seg. Sjå oppslag og info etter kvart.

Barista. Før sommaren vert det ein etterlengta kaffikveld. Me har avtale med ei som er Barista, og ho vil laga dei ulike kaffidrikkane som ungdommane vil ha. Denne kvelden kan dei og få lære korleis dei kan laga favoritten sin sjølv.

Elles jobbar me med å få laga til fleire ulike tema og kurskveldar innafor dei ynskjene som ungdommane har hatt.

YES! Campingvogna er no i orden, og me gler oss til sommaren og nye turar i den. I tillegg har me fått laga ein fotballbiljardbane på 4m *7m, som me vil setja opp ulike stader i kommunen framover. Kva er dette? Søk på football + pool på youtube, så er det berre å starte å gle seg.

Lurer du på meir? Trykk liker på facebookside vår: Lensmannsløa ungdomsklubb. Der kjem all info ut, og mykje bilete frå det me held på med.



Språksprell i Lensmannsløa

Kvar torsdag er det full aktivitet på Språksprell i Lensmannsløa. Presis kl 9 kan administrator Anny Hagesæter ynskja ca 20 nye landsmenn velkomne til aktivitet og godt drøs.

I starten av dagen har me alltid sang og repitisjon av navn, og snakkar saman på norsk. Deltakarane kjem frå Afghanistan, Eritrea, Somalia og Syria. Det er nok mest menn denne våren, og dei vert fordelte i ulike grupper som nærmiljø, syng, strikking, matlaging på kjøkken og dugnad på Iden. Dei er i same gruppe 2 til 3 gonger, og det er berre menn som er på Idrettshuset og i Nærmiljøgruppe. Der har ein gått tur i Vindmølleparken, besøkt Kvassheim eller Obrestad havn, vore på Jærmuseet og besøkt både byggeplass og vore på fjosbesøk. Både menn og damer er gode på symaskin, så det har vorte mange forkle og poser for plastposer

som er produserte. Kjøkkenet er populært, og mange liker seg der under styring av Aud Håland. Dei syt for at herleg varm lunsj er klar for alle kl 12.

Bygdekvinnelaget, med Oddbjørg Skrettingland i spissen, er den som syter for at det alltid er nok verter. Nokre kjem kvar gong, mens andre er gode vikarer når ein har forfall. Gustav Håland og Ingvar Reiestad er sjef for dei som vitjar VIL, og styrer arbeidet der.



For oss nordmenn som er med, er det eit givande og spanande tiltak. Me har mykje å lære av «gjestene», både når det gjeld høflegheit, humør og merksemd.

Inger og Any



Medlemsverving på handelslaget



Tradisjonen tru rigga bygdekvinnelaget seg til med kaffi og lappesteiking ein laurdag i februar. Agnes og dei var med som vanleg med trekkspel og gitar, og både vertane og me som stakk innom fekk seg ei hyggestund med fin musikk til kaffien. Det vart og høve til ein liten svingom. Måtte jo nytta den fine musikken. Positivt tiltak i ein elles travel handledag, og truleg fekk dei nye medlemar denne gongen og.



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE

Johnny Red & The Prayerhouse People i Lensmannsløa

Det var fullt hus og god stemming når jærens beste countryband Johnny Red & The Prayerhouse People endelig entret scenen igjen i Lennsmansløa på Varhaug. Bandet er et utspring fra Vigrestadbandet Laymen og består av John Gravdal på vokal og gitar, Johannes Bjelland på bass, Tore Brattgjerde på el-gitar, Rune Særheim på trommer og sist men ikke minst Kårstein Bø på tangenter.

De startet kvelden med Crazy Crow, en fin sang som handler om Varhaugs sorte får "General Forsamling". De fortsatte første sett med sanger hovedsakelig fra deres første plate Nothing More Than Clay som har høstet mye god omtale. Det er for øvrig en plate jeg kan anbefale på det sterkeste.

Her er litt hva Rune Letrud fra Dust Of Daylight skrev om platen "Låtene er gjennomsyret av norsk kysthistorie, gamle sjømannsviser, norsk visetradisjon og bedehuskultur. I like mengder får vi amerikansk folktradisjon, referanser som bringer oss til det amerikanske bibelbeltet og ssvovelpredikanter i avsides amerikanske fjellbygder.

Vi kan høre vinden fra Appalachiene, vi kjenner lukten fra sumpene i sørstatene, vi hører havet slå mot stranden på Jæren og lyden fra gresset som dekker sanddynene langs kysten...

Jeg får flashbacks til Jane Hills utsøkte bok «Murder Ballad» fra 2007. Jeg hører Bob Dylan, jeg hører Olav Larsen, jeg hører Woody Guthrie og Otis Gibbs. Men mest av alt hører jeg en av de beste norske platene jeg noen gang har hatt gleden av å få lytte til.

Det var stemningen som fanget meg først. Jeg satte på platen mellom slagene på jobb, uten mulighet til å lytte. Det var noe i stemningen som bare sugde tak i meg og forlangte oppmerksomhet. På vei hjem fra jobb kjørte jeg rett og slett en lang omvei for å få tid nok til å lytte skikkelig gjennom hele platen."

Så om dere sliter med julegavene så er dette et godt tips. Fås både på cd og vinyl.

Etter en liten pause fortsatte de med en del nye sanger. Det var mye snop i posen der og, så det lover bra for den kommende platen som kommer en gang på nyåret. Jeg kan nevne en sang som heter Old Dreamers som var utrolig bra og nok kan bli en hit.

Dette var alt i alt en veldig bra konsert, og publikum ville tydeligvis ha mer når konserten egentlig var slutt. Så de satte punktum med en reprise av Crazy Crow før det var helt slutt.

Kjetil Efestad

Varhaug-marken

Marken vert som vanleg første helga i juni.

Så fredag 2. juni og laurdag 3. juni vert det igjen god gamaldags markensstemning i «stassjoen». Komiteen er godt i gang med planlegginga for dagane, noko er på alt plass og noko anna meste på plass. Sjølv om det er pinsehelga, reknar komiteen med at dei fleste vil få med seg markensdagane i år og, sjølv om dei eventuelt skal reisa på pinseferie.

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera.

Var dei ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

Alderdom og ungdom er usams, som føtene på den som gjeng; den eine stig alltid framom den andre. Og på den måten hjelper dei det heile fram.



Sentrumsgården RC Arena

Medlemsorganisasjon med formål å samle personer som ved samarbeide og kameratskap skal ivareta og fremme interessen for radiostyrte modell-biler, -fly, -båter, -droner og -helikoptre i region Jæren. Tilrettelagt for barn og unge.

Sentrumsgården RC Arena

Sentrumsgården RC Arena på Varhaug ligger i Sentrumsgården kjøpesenter med gåavstand fra jernbanestasjonen.

Arenaen har topp fasiliteter og banedekke av type astro turf (lett kunstgress).

300 m2 bane for buggy med gode og oversiktlige forhold.

Godt tilrettelagt mekke område med strøm.

Gode sanitær forhold og uteområde for lek.

Jæren RC Klubb har startet opp med RC arena der tidligere lekeland var. Her er vi samlet 3 dager i uka. Vi er ein gjeng fra 5 år og oppover som har eit sosialt og kjekt sammen. Klubben teller ca 30 medlemmer pr.dags dato og er i vekst. Vores arena er beregnet for 1/10 buggy og oppover.

Klubben er stiftet av tidligere aktive RC førere som har flere års erfaring fra sporten slik at vi kan bistå nye med veiledning og rettleiing.

Helsing Steinar Kartevold

Kultur i Løa

Foredrag av Tora Aasland

Torsdag 19. januar 2017

Foredrag av tidlegare fylkesmann i Rogaland,

Tora Aasland

Tema: Fra Løvebakken til Rogaland,

Til Kongens bord og retur til Rogaland,

Eller: Mitt liv blant mennesker og dyr.

Det var med stor forventning eg kom til Lensmannsløa denne kvelden. Me skulle høyra på kanskje den mest markante kvinna som bur i Rogaland, i Time kommune, og ho skuffa ikkje.

Tora Aasland hadde sett opp ein grei disposisjon, som allerede då den kom fram på skjermen, synt at her har me ei dame som har hatt eit eksepsjonelt liv med ein eventyrleg karriere:

- **Arven og miljøet**
- **Forskaren og politikaren**
- **Makta og ansvaret**
- **Geografi og kjærlighet**
- **Erfaringane og utfordringane**
- **Heime og verden.**

På same tid som ho har opplevd å ta del i dei høgaste kretsane både i vårt land og utanfor landegrensene våre, så syner ho ein nærleik til menneske ho har møtt og møter. Ho syner at ho bryr seg om og vil det beste for menneske og dyr og miljø. Det kjem veldig sterkt fram i måten ho bruker våre diktarar sine verk for å syna korleis ho ser ting, og kva dei betyr for henne. Ho siterte frå Arne Garborg, frå Aleksander Kielland, frå Åse Marie Nesse og Kolbein Falkeid m.fl.

Arven og miljøet: Tora Aasland vart fødd i Skien i 1942 og var eldst i ein syskenflokk på 5. Allerede det ga rom for å ta ansvar og leiing, og det har følgt henne heile livet. Ho var speidar, og vart snart leiar der, vart leiar for velforeninga der ho budde som student, leiar for studentlaget ved sosionomstudiet.

Ho var ei aktiv ung dame. Det var danning og utdanning, mange reiser, opphald og oppdrag i ungdommen, utvekslingsstudent i Amerika og eit engasjement i Finnmark som hadde betydd mykje.

Forskaren og politikaren: Det vart naturleg for henne å engasjera seg i politikk. På 70-talet var det ei tid med oppvakning og engasjement, og ho vart aktiv i lokalpolitikk, ville opplysa og vera med å ta beslutningar. Ho vart vald inn i kommunestyret på Nesodden i 1975. På denne tida foregjeikk det ein gryande miljøkamp gjennom «Framtiden i våre hender», «Alternativ nordisk framtid» o.l., det var aksjonar og demonstrasjonar. Det vart kvinnetiår og kvinneår (1985).

Makta og ansvaret: Tora Aasland vart vald inn på Stortinget for Akershus i 1985. Det var året då det vart fleire kvinner enn menn på Stortinget. Ho hadde Hanna Kvanmo som parlamentarisk leiar og hadde ho som eit flott førebilete.

I 1989 vart ho medlem av presidentskapet på Stortinget, «Løvebakkens voktere». I 1988 vart ho fotografert og markert: Ho var den som hadde snakka mest på Stortinget det året.

Geografi og kjærlighet: I 1988 gifta Tora Aasland seg med Tarald Ohma frå Rogaland og flytta til garden hans i Time kommune. Her hadde ho utsikt til Garborgs rike. Her møtte ho ein heilt annan natur og kultur enn ho var vant med.

Her var «fine dyr og fine karar».

Erfaringar og utfordringar: I 1993 vart ho utnemnt til Fylkesmann i Rogaland, og denne stillinga hadde ho i 20 år. Ho hadde mange fine historier frå si tid som Fylkesmann, som kongens representant i fylket vårt. Ho reiste rundt og vart kjend med kommunar og folk, Ho var ein akta Fylkesmann som såg folk og dyr, miljø og utfordringar, men og løysingar og positive utfall på saker. Ho var statens første representant i fylket, ho var Kongehusets kontakt, ho skulle ha ansvar for å gjennomføra nasjonal politikk, var sektorforvaltar for landbruk, miljø, helse og næringsliv.



Hennar motto: *Det er viktig å vere nysgjerrig og ikkje gje seg!*

Fylkesmannen er «garantist for rettsikkerhet»

Tora Aasland tok fram nokre spesielle hendingar ho hadde vore med på: I 2005 var ho i Sokndal og var med på å begrava Janteloven (Du skal ikkje tru du er noko). Det var eit flott tiltak, og på steinen står det: «Her hviler Janteloven»

Ho mintest og godt då Kongen kom til Sirevåg hamn i 1995, og Tobias Skretting skulle halda sin første tale den dagen. Han tok opp feil tale frå lomma si og begynte på den. Det vart god latter då han oppdaga det og måtte byte talen med den rette.

I 2007 vart Tora Aasland kalla til statsråd. Ho var kome til «Kongens bord» fekk plass i Y-blokka som den første statsråd for Høgare utdanning og forskning. Ho har heile tida hatt ein enorm arbeidskapasitet, og også som statsråd fekk ho utretta mykje. Ho gjorde mykje for studentane og var f.eks. mykje på Svalbard i forbindelse med klimaforskning. Det gjaldt og å fordela pengar på ein god måte.

I 2013 var tida som Fylkesmann over, og ho vart same året leiar for Den Norske UNESCO kommisjonen.

Til slutt må me ta med hennar syn på «Gjerdeklyvaren». Den kan vera eit symbol på moglegheita til å koma i kontakt, sjølv om terreng og grenser er vanskelege. Her kan ein kome over frå begge sider, og hindringane er tekne vekk. I Statens Hus har dei eit rom som heiter «Gjerdeklyver». Ein kjenner ikkje til at gjerdeklyver-ordet er brukt andre stader enn i Rogaland.

Etter foredraget vart det kaffi og gode kaker, og spørsmål vart stilt til Tora Aasland. Mange handla om tilhøvet mellom Fylkesmann og kommunane, ansvar og utøving av makt, av saker som må sendast til Fylkesmannen for godkjenning.

Ho svara greitt på alt, og ho syner at ho er ei dyktig dame med orda i si makt. Eg trur me alle var imponerte då me gjekk frå løa den kvelden.

Kjellaug Aanestad Varhaug



Utdeling av prisar

Rogaland Bygdeungdomslag Gunnar G. Skretting nå i fylkesstyret

Årsmøte og årsbankett i Rogaland Bygdeungdomslag 2017.

Lørdag 18. februar var det årsmøte og årsbankett på Nærbø Samfunnshus for Rogaland Bygdeungdomslag. Varhaug stilte sjølv sagt opp. På årsmøtet vart det diskutert og heftig debattert om fleire forskjellige ting, blant anna val av nytt fylkesstyre, søknad om landsstevne 2020, måltal og rekneskap.

Me vart og enige om å vera sterkt uenige i fleire av tiltaka som er lagt fram i Mat- og landbruksminister Dale sin kladd av jordbruksmeldinga "endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon." Nokre av sakene statsråd Dale er kritisert for er fjerning av avløysartilskotet ved ferie og fritid, tidlegspensjonsordninga og svekkinga av velferdsordningane. For at det skal vera attraktivt for unge å verta matprodusentar så må bondeyrket

vera lønsamt, føreseieleg og trygt. Rogaland Bygdeungdomslag ber partia på stortinget om å lytta til næringa, og til dei som er på veg inn i den, når jordbruksmeldinga skal behandlast denne våren. Slik den nå er, inneheld den ikkje oppskrifta på eit berekraftig landbruk over heile landet.

Under valget av fylkesstyre blei fleirårig leiar i Varhaug Bygdeungdomslag Gunnar G. Skretting stemd opp til fylkesnivå.

På årsbanketten seinare på kvelden var det godt oppmøte og me fekk god jærskprodusert mat frå Jærbuen kafe. Under bespisningen var det underholdning og taler. Det vart og utdelt tevlingspriser og andre prisar. Leiar av Varhaug Bygdeungdomslag, **Gunnar G. Skretting fekk tildelt innsatspokalen for 2016.** Etter mat og prisutdeling spelte Rabalders opp til dans og samtlige gjester vart med på polonese.



Nytt fylkesstyre

Som vanleg på samankomster arrangert av BU er swing det som representeres mest på dansegulvet, ellers var det mange som benytta muligheten til å snakke med gamle venner og bekjente. Me he dæ

jysla gildt i BU me så æ der, **MEN me he alltid rom for fleir så bara kom å bli med!!!!**

Tonje Djøseland

Vil du gje ei gåve til Varhaugbuen ?

Som vanleg i det første nummeret, legg me ved ein giro, der de kan gi ei gåve til Varhaugbuen. Viss de vil gje bladet som gåve til nokon som bur utanfor Varhaug, må de passa på og skriva namn og adresse på vedkomande på giroen, slik at me kan vita kven som skal få det. Alle på Varhaug får jo bladet gratis i postkassane av ein gjeng frivillige. Dei utanfor må me senda i posten.

NB! NB!

Det er veldig viktig at du skriv namn og adresse på giroen, dersom det er ei anna postadresse enn Varhaug som skal ha bladet.





Varhaug Bygdekvinnelag

Medlemstalet aukar jevnt

Laget er i godt driv også denne våren. Medlemstalet aukar jevnt og trutt. De gler me oss over. På møta våre er det godt oppmøte. Det er berre gildt om også ikkje medlemmer er med oss. De kan væra med for å ta del i gildt samvær. Det er vel verdt å prøva. Me prøver å arrangera møter med gode føredragshaldarar så det blir ei god oppleving, både med latter og tårer, og me kan gå rikare heim etterpå.

30. mars vert det sonemøte på Undheim. Der får me bl.a. høyra Synniva Erland. Dette møtet er vel verdt å ta med seg.

27.april er me tilbake i Løestova. Denne gongen kjem Oddbjørg Mellemstrand frå «Se Meg». I tillegg vil Jofrid Mosland og Ragnvald Wærnøe stå for sang og musikk. All nettoinntekt frå dette møte går til «Se Meg» så møt opp folkens!!

Torsdag 11. mai går turen til Hagalid i Hjelmeland. Påmelding til Aud Håland tlf 924 14 556 innan 1. april.



Den årlege sykkelturen vil foregå 8.juni. Mykje lått og løyte!!

Tidlegare i år har me hatt møte hos Fargerike Halvorsen AS. Det var et flott og vellykka arrangement. I februar fekk me med oss Vikeke Sørensen og hennar samliv med Mr. Parkinson.

Me har og vore på Extra saman med Agnes og dei på trekkspel.

Referat fra møte i Varhaug Bygdekvinnelag 23.02.17

Løestova var gjort klart med dekka bord, blomster og tente lys når omtrent 50 damer og 2 menn kom for å få med seg februar møtet.

Vi hadde store forventninger når Oddbjørg ønskte oss velkommen, og deretter gav ordet til Vibeke Sørensen. Hun skulle fortelle hvordan det var å leve med sykdommen Parkinson.

Jeg må si som Halvdan Sivertsen: Før ei dame!!!! Hun trollbandt sitt publikum. Som vanlig er jærbuen avmålt i begynnelsen. Vi satt litt ytterst på stolen og lurte på om vi våget å le. Dette var tross alt et alvorlig tema. Dama – som nå er i begynnelsen av 40

årene – fortalte om sitt liv. Det gikk ikke lenge før vi levde med i hennes forestilling, eller show, eller foredrag ... Det ble både latter og tårer. Det var sterkt.

Dette er ei dame som alt fra lite barn viste en veldig viljestyrke. Viljen har vært til god hjelp når livet ble så tøft som det ble. Hun hadde egentlig verden for sine føtter. Trivdes med sitt liv som realfaglærer, var musikalsk, hadde mange interesser. Så ble hun invadert av mr. Parkinson. Hun hadde mann og barn – heldigvis – for familien viste seg å være hennes beste støtte når det røynt på. Hun fortalte med en stor porsjon selvironi om bivirkninger av medisiner. Når kjøpegalskapen slo

inn, når energinivået var på topp – og når det var på bunn. Familien er der for henne.

Vibeke ville ha en stylet utside. Selv om hun følte seg elendig til tider, var hun ikke villig til å gi slipp på sminke, mote og høghælte sko. Det krevde uendelig med krefter for å vise verden et bilde av den hun ønsket å være.

Sammen med henne var Per Ivar, som framførte vare sanger sammen med gitarspill mellom hvert sceneskifte.

Hun våget ikke legge planer for framtiden. Hun ville ta for seg av livet i dag. Mange av oss har mye å lære av dette. Nyt dagen, grip dagen.



Hå hagelag ønsker alle velkomne til våre møter og arrangement. Vi håper å kunne bidra med sprudlende hageglede og faglig påfyll. Vi har alltid noe godt å bite i, godt hagedrøs og loddsalg. Normalt held vi møtene våre i Lensmannsløa, men følg med på nettsidene våre, på plakater og annonser for det kan være endringer.

Oftest starter møtene kl. 19.

Alle er velkomne.

Du finner oss på nettsiden: <http://hå.hagelag.no>

Følg oss på Facebook

9. mars Emne: Kjøkkenhage og dyrking av grønnsaker ved Bjarne Kvist-Hansen.

19. april er vi invitert til Felleskjøpet på Varhaug i lag med Bygdekvinnelaget. Fiskars demonstrerer redskap for hagebruk.

11. mai Handletur til Braut og Wiig

8. juni Hagevandring hos Reidar Vigrestad.

Etter hagebesøket tar me turen til Køhler Paviljongen.

Her er det bestilt Historiepakke med servering av varm rabarbra-pai med is fra Iskremgården. Rabarbrasaft og kaffe/te til drikke.

Påmelding til Berit Bø Kr. 220,- pr. pers

OBS! OBS! OBS!

Bingoen som den siste tida har vore i kjellaren på

Idrettshuset, er nå på flyttefot.

Frå mandag 13. mars 2017 kl. 15.00

kan de koma på Eldresenteret for å spela.

Gamle og nye hjarteleg velkomne.

Helsing Turid, Solvor og Britt

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
15. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Årsmøte i Vennelaget for Lensmannsgarden

vert onsdag 15. mars kl. 19.00 i Løestovå.

Årsmøtepapira finn de på netet.

Årsmøte Varhaugbuen

Møtet skal vera i Løestova 27. mars kl. 19.00.

Årsmøtepapira vert sendt eigarlag.



Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02



Trine

Liv Torill

Kristine

Bestill på nett:

www.ledigtime.no/sentrumsalongen



Dame- og herrefrisør

Er du fornøyd - er vi fornøyd

TID FOR KALKING OG GJØDSLING!



**HELGJØDSEL
SEKK 15 LITER**
KR 199,-

PAKKEPRIS FOR 2 STK

299,-
2 x 15 liter

FK HAGEKALK
25 KG GRANULERT

89,-



**FK HAGE-
GJØDSEL**
25 LITER

349,-



FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikken

fkra.no/fkbutikken